

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

Sveinung Valle stilte spørsmål om han var ugild fordi han som nestleiar i styret for BRB har delteke i utarbeiding av planen frå BRB. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Sveinung Valle var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Valle gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune stør opp om overordna mål, samt strategi og fokusområde i utkast til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, men ynskjer ei formulering av målsettinga i tråd med forslaget i dette saksframlegget.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at tiltaka vert omarbeidd slik at prosjekta står fram som større fellesprosjekt og ynskjer prioritering av desse tema:
 - Samordning og tydeliggjering av ulike aktørar sin rolle knytt til entreprenørskap og etablerartenesta.
 - Bidra til å etablere «Invest in Region Bergen»
 - Samarbeid om utvikling av Bergensregionen til verdsleiande nærings- og kunnskapsmiljø innan sjømat og berekraftig havbruksproduksjon.
 - Samarbeid om framtidsetta energiløysingar.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer desse tiltaka inn i planen:
 - Utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen i tråd med vedtak i fylkestinget 10.12.2014.
 - IKT/media t.d. realisering av MediaCityBergen.
 - Teknologitvutvikling og tiltak for å redusere utslepp frå skip.